



Nordhordland Jakt og Fiskelag
Postboks 156
5903 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1808 - 19/26348

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:

18.12.2019

Løyving av tilskot frå Viltfondet til tilrettelegging for jakt

Administrativt vedtak. Saknr: 314/2019

Saksutgreiing:

Nordhordland Jakt og Fiskelag har 6. sept 2019 søkt om tilskot på kr 23 000 frå viltfondet for å tilrettelegga for predatorjakt.

Nordhordland Jakt og Fiskelag driv med tilrettelegging for jakt, fiske og friluftaktivitet i Nordhordland. Det vert spesielt satsa på ungdom og dei har no ei satsing med kurs, og etablering av åteplass for rev og fangstlinjer for mår. Jakt på rev og mår er lite kostnadskrevjande for ungdom å vera med på og det er ein god måte å komme inn i miljøet på.

Det er vekst i bestandane av små predatorar i Nordhordland. Det er godt viltstell å drive med jakt på rev og mår. Å gje ungdom eit tilbod er særst viktig for god rekruttering.

Dei siste åra har fleire av kommunane i Nordhordland opplevd ei auke i tap av lam til rev og andre små predatorar. Det er for lite jakt på artane og mykje av tapa kunne ein unngått om det var høgare jaktpress i jaktida.

Det er søkt om midlar til organisering, kurskostnadar og utstyr. Drift av lokkeplassar og fangstlinjer vert gjort på dugnad.

Vurdering

Bruk av viltfondsmidlar er regulert av Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort FOR-2011-05-15-537. Det kommunale viltfondet skal dekke kommunen sine

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

kostnader med handtering av fallvilt. Viltfondet kan og brukast til tilskot til tiltak som fremmar viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunane.

Vedtak

Nordhordland jakt og fiskelag får kr 10 000 i tilskot frå Meland kommune sitt viltfond. Tilskotet skal brukast til kurs i revejakt og kurs i felle fangst av mår.

Vilkår:

- Om det vert fleire påmeldte enn det er plass til på kursa så skal deltakarar frå Alver kommune prioriterast.
- Kursa skal rettast mot ungdom og nye jegerar.
- Midlane vert utbetalt etterskotsvis og etter framlagte bilag.

Vedtak om tildeling av midlar frå viltfondet er ikkje eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova kap. VI, men inngår som eit ledd i disponeringa av kommunale midlar. Vedtaket kan såleis ikkje klagast på.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Nordhordland Jakt og Fiskelag

Postboks 156

5903

ISDALSTØ